


3.7 Brenndalen

Topografi og landskapsformer

Brenndalen er ein hengande sidedal til Oldedalen (fig. 3.7.1 og 3.7.2).



Figur 3.7.1 Topografisk kart over Brenndalen. Den grøne streken markerer grensa for nasjonalparken. Kart: norgeskart.no.




Figur 3.7.2 Oversiktsbilde av Brenndalsbreen og Brenndalen. Foto: Jon Olav Kvamme.

Før isbreane sette inn arbeidet med å grave ut dalane og fjordane på Vestlandet for omlag 2,58 millionar år sidan, vart landet heva og elvane fekk større fall og dermed auka evne til å grave V-forma elve-og bekkefår. Av dette platålandskapet ser vi dag restar som dels flate eller svakt bølgete landskap på begge sider av dalføret (fig. 3.7.3). Den nord-sørlege dalretninga er mest truleg utvikla langs ein gamal sprekkesone i fjellgrunnen. Dalsidene i Oldedalen er svært bratte og opptil 1700 meter høge. I Brenndalen er dalbotnen relativt flat. Isskuringsstriper på Flatefjellet nesten 1300 meter over havet på austsida av dalen syner at breen strøymde i vestleg til nordvestleg retning ut frå Jostedalsbreområdet, som under siste istid utgjorde ein brekul på overflata til innlandsisen.



Figur 3.7.3 Oversiktsbilete over Oldedalen. Kattanakken i framgrunnen. Foto: Jan Helge Aalbu.

Figur 3.7.4 syner eit lausmassekart over Brenndalen. Dalbotnen i Brenndalen er dominert av morene og moreneryggar frå «den vesle istida». Lenger inne i dalen består lausmassane av i dalbotnen av breelvmateriale, medan dalsidene er dominert av skredmateriale og bart fjell. På Aabrekk er det ein marin terrasse med toppflate 88 moh. avsett like etter slutten av siste istid.



geo.ngu.no/kart/losmasse

Figur 3.7.4 Lausmasekart over Brenndalen.

«Den vesle istida» sette sine spor i Brenndalen

Etter ein mild periode i Middelalderen byrja breane å vekse på 1200- og 1300-talet. Dei første rapporterte skadane av brear på gardar i indre Nordfjord er frå året 1339. I 1684 vart gardar påført skade av breane og i perioden fram til slutten av 1700-talet vart gardar i indre Nordfjord påført store skadar grunna breframstøyt, isras, fjellskred, steinsprang og jordskred. Under «den vesle istida» vart vêrlaget kjølegare; somrane var kalde og regntunge og vintrane utover på byrjinga av 1700-talet var nedbørrike. Dette førte til at breane vaks kraftig. På midten av 1700-talet hadde dei fleste av breutløparane frå Jostedalsbreen si største utbreiing sidan slutten av siste istid.

Hugleik Tungøen – bondeføraren mot naturkreftene




Figur 3.7.5 Illustrasjon frå "Oldedalen - bygda mellom breane". Vigmostad & Bjørke 2004.

Bondeførar Hugleik Tungøen (1649-1706) frå Oldedalen gjorde reiser til Bergen, Kristiania og København. Han var to gonger til København og fem gonger til Bergen. Han arbeidde for betre kår for folk i indre Nordfjord etter uår, brevekst og urimelege skattar under «den vesle istida». Under ein snøstorm åtte dagar før jul i 1706 omkom han i Sværeskaret på Gaularfjellet mellom Sunnfjord og Sogn (fig. 3.7.5).

Etter ein mild periode i Middelalderen byrja breane i Vest-Noreg å vekse på 1200- og 1300-talet. Dei første rapporterte skadane på gardar i indre Nordfjord er frå året 1339. I 1684 vart gardar påført skade av breane, og i perioden fram til slutten av 1700-talet vart gardar i indre Nordfjord påført store skadar grunna breframstøyt, isras, fjellskred, steinsprang og jordskred. Under «den vesle istida» vart vêrlaget kjølegare; somrane var kalde og regntunge og vintrane utover på byrjinga av 1700-talet var nedbørrike. Dette førte til at breane vaks kraftig. Mellom 1710 og 1735 rykka til dømes fronten til Nigardsbreen fram omlag 2800 meter (eit snitt på omlag 110 meter i året!) og øydela mykje av gardane. Mathias Foss, som var prest i Jostedalen på den tid, skreiv om utviklinga etter 1742: “...men fra bemeldte Tid til Aarsdagen derefter 1743 havde Iisbæen ei allene skudt seg fram de 100 Alne i Længden, foruden umaadelig i Breden, men endog borttaget Husene, omkastet dem, væltet dem for sig med en umaadelig Mængde af Jord, Gruus og store Stene fra Afgrunden og knuset dem i ganske smaa Stykker som endnu er tilsyne...”.

På midten av 1700-talet hadde dei fleste av breutløparane frå Jostedalsbreen si største

utbreiing sidan slutten av siste istid. Moreneryggar viser kor langt ut breane nådde då dei var på det største og det er tydelege skilnader på vegetasjonen utanfor og innanfor desse ryggane. Breutløparane frå Jostedalsbreen gjorde stor skade under breframstøyta i «den vesle istida» (fig. 3.7.6).



Figur 3.7.6 Naturskadar i rundt Folgefonna, i Sunnfjord og rundt Jostedalsbreen under «den vesle istida». Modifisert etter Grove og Battagel (1983).

Eit døme er Brenndalsbreen (Aabrekkebræen) som til slutt øydela garden Tungøen. Dette skjedde over eit tidsrom på omlag førti år, då Bretunga låg framme i munningen av

Brenndalen (blå strek på fig. 3.7.7) og førte til ei rekkje flaumskred og skadeflaumar. Då Brenndalsbreen var på sitt største under «den vesle istida», låg han fram på berghammaren ovanfor husa på Tungøen og Aabrekk (fig. 3.7.7).



Figur 3.7.7 Den blå streken syner Brenndalsbreen sine maksimale posisjon under «den vesle istida» på midten av 1700-talet.

Garden Tungøen (Tungøyane) låg oppe på Tungøyreina (sjå fig. 3.7.1) før israset frå Brenndalsbreen (Aabrekkebræen) 12. desember 1743 (blå pil på fig. 3.7.7). Garden Aabrekk i framgrunnen. Terrassen (Aabrekkereina) til venstre for husa på Aabrekk gard vart avsett då havnivået var 88 moh. mot slutten av siste istid (norgeskart.no/3D).

Innover Brenndalen ligg fleire markerte moreneryggar som vitnar om mindre opphald eller framstøyt under brefronten si tilbakesmelting (fig. 3.7.8 og fig. 3.7.9).






Fig. 6. Kurven der Gletscherbewegungen. I: Mjølkevollsbreen. II: Bernebbreen. III: Åresbreen. IV: Nigardsbreen. V: Tansbergbreen. A: Originalkurve. B: 2-jährige, C: 4-jährige und D: Sekundäre - säkulare Variation. Die eventuellen Umschläge der 2-jährigen Kurve sind durch Übergänge zwischen den beiden Lissinsignaturen gekennzeichnet.



Figur 3.7.8 Knut Fægri ved Bergens Museum skreiv si doktoravhandling (på tysk) i 1933 om brevariasjonar og plantesuksesjonar rundt Jostedalsbreen. I avhandlinga er ein figur med frontvariasjonar til nokre utløparar frå Jostedalsbreen og ei skisse over moreneryggar i Brenndalen.



Figur 3.7.9 LiDAR-kart over Brenndalen. Moreneryggane frå «den vesle istida» innover Brenndalen er godt synlege. Den raude pila syner kvar israset frå Brenndalsbreen mest truleg gjekk 12. desember 1743 og som trefte husa på Tungøyane. LiDAR-kart: hoydedata.no.

John (Johan) Rekstad hogg eit lite kors inn i fjellet (fig. 3.7.10) i 1900 som eit fastmerke for å måle korleis frontposisjonen til Brenndalsbreen endra seg år etter år.



Figur 3.7.10 Kors i fjellet hogge inn av John (Johan) Bernhard Rekstad i 1900 og som danna grunnlag for årlege frontmålingar av Aabrekkebræen (Brenndalsbreen). I 1900 låg brefronten 53 meter frå korset. Foto: Berit Gommæs.

Brenndalsbreen er ikkje lenger samanhengande med bremassen på Jostedalsbreen og den er dermed ein såkalla regenerert bre som vert mata med isblokker som jamleg rasar ned på breen (fig. 3.7.11).



Figur 3.7.11 Brenndalsbreen heng ikkje saman med hovudbreen og er ein såkalla *regenerert* bre. Foto: Hallgeir Elvehøy, NVE.

Avtaksforretningar

Informasjon om skadane som vart påført gardane rundt breen kan ein få ved å granske avtaksforretningar samla i Riksarkivet, Statsarkivet og bygdebøker. Ei avtaksforretning i 1685 slo fast at garden Tungøen, som garden heitte på den tid, hadde lide skade på grunn av flaum i hovudelva i Oldedalen og av sideelva Brenna frå Brenndalsbreen.

Fleire avtaksforretningar på gardar i indre Nordfjord mellom 20. august og 18. september 1693 førte ikkje til reduksjon i landskylda (skatten). Bøndene i Olden og Stryn gjekk derfor saman for å setje opp eit skriv til Kongen i København der dei gav til kjenne den vanskelege stoda dei var komne i. Informasjon om øydeleggingane får vi ved å granske avtaksforretningar om Tungøen. I 1625 var landskylda 2 ”løber” og 1 pund smør, og garden hadde då ”temmelig” avling, men dei tre brukarane hadde ”ringe formue”. I 1693 vart det avteke 2 1/3 pund fordi garden hadde lide skade av vassflaum og fonn. Avtaket vart stadfesta i 1702. Garden hadde då lide meir skade. I 1734 vart det avteke 12 merker og i 1745 vart det avteke 1 laup, så då var landskylda redusert og garden gjekk inn under grannegarden Åberg. Gjennom førstninga av 1700-talet var garden jamleg utsett for skadeflaum. Nabogarden Aabrekk leid også mykje skade under «den vesle istida». Det var Brenndalsbreen som var skuld i dei mange skadane som garden vart påført på slutten av 1600- og byrjinga av 1700-talet. Etter segna var Brenndalsbreen så liten at ein berre såg han frå garden som ei kvit ku i synsrande. På den tid hadde Aabrekk og Tungøen framifrå beiteland i Brenndalen. Garden vart jamleg påført skade utover på byrjinga av 1700-talet og brukarane klaga si naud til ”stiftbefalingsmanden” fleire gonger, som oftast utan resultat. Der det før hadde vore flate, store vollar med åker og eng, var det tidleg på 1700-talet berre djupe hôler og elvefår.

Bondeføraren Hugleik Tungøen og medhjelparen hans Johannes Paulsen Qvamme

Det var ikkje lett å sende eit brev til Danmark på slutten av 1600-talet. Det kunne ta lang tid og brevet kunne jamvel kome bort på vegen. Hugleik Tungøen, som vart utnemnd til talsmann for bøndene, skulle ta på seg oppdraget med å få brevet fram til Kongen i København. Brevet, datert mars 1702, byrja slik:

”Stormægtigste Konge, Allernaadigste Arve Herre.

Vi Fattige elendige eders Kongel. Maj.ts allerunderdanigste Skattebønder af Nordfiords Fogderie i Inviigs Præstegield udj Stryens og Oldens Skibreeder, høylig og meget nødtvingende er foraarsaget for eders Kongl. Maj.ts at foredrage og hermed tilkiendegive, det

os, efter voris ydmygeligste Andragene til velb. Hr. Amtmand Hans Nielsen, formedelst dend Fielskred og Vand vaade som os i saamaade er paakommen, og voris gaarder ved aftag er tilføyet, der haver beskicket Fogden tillige med Sorenskriveren og Otte upartiske Lavrettemænd, samme voris beskadigde Jorder af fieldskred og Elvebrud grandgivelig at grandske og besikte, hvilket de og hørsomst har efterlevet, som deis forretning, der begynt er dend 26. Aug. Og endet dend 18. Septembr. 1693, utviser,..... ”.

Med denne innleiinga kom dei inn på den avtaksforretninga som vart halden frå 26. august til 18. september 1693, men som det ikkje kom noko ut av, korkje nedsetjing av skylda, eller ”*Kongl. Contributioner till denne Tid*”.

Kong Frederik IV av Danmark-Norge (1699–1730) ville gjerne hjelpe, men han våga ikkje overlate avgjerda til andre. Det tok derfor lang tid og dei som sende inn søknader om skattereduksjon mista tolmodet. Den 7. mars 1702 tok Kongen føre seg søknaden frå bøndene i Olden og Stryn. Så skreiv han til stiftbefalingsmann Chr. Stockfleth i Bergen og bad han sjå til kva skadar elva og skreda hadde gjort og la dette fram for Rentekammeret. Kongebrevet, datert 29. mai 1702, var svar på to supplikkar (søknadar) (nr. 449 og 686) frå oppsitjarane. Den 23. juli tok Huggleik Tungøen og medhjelparen hans, Johannes Paulsen Qvamme (Kvamme) (*”tvende fra Kjøbenhafn kommende Nordfjords Bønder”*) fatt på heimvegen. Dei la turen innom Bergen, der dei leverte kongebrevet direkte til Stiftbefalingsmann Chr. Stockfleth. Det vart halde ny avtaksforretning den 9. september dette året og dei skadelidne fekk nedsett landskylda. Utanom to turar til Danmark, var Huggleik Tungøen og Johannes Paulsen Qvamme òg fleire turar til Kristiania og Bergen. Huggleik Tungøen var fem turar til Bergen. Truleg var det og andre som var med på arbeidet med å få nedsett skattane. Det er vel på det reine at Rasmus Johannesen Qvamme, son til Johannes Paulsen Qvamme, var med Huggleik på første turen til København. Huggleik Tungøen og Johannes Paulsen Qvamme var like gamle, fødde kring 1649. Dei var i femtiårsalderen då dei la ut på reisene sine. Huggleik var av same ætt som Audun Huggleikson av Hegrenes, død 1302 (i 1273 nemnd som den *”kunnigste mann i landslova”*). I mellomalderen budde ætta på garden Loen. Før 1600 var ætta i Bødal der bestefaren til Huggleik åtte jord. Johannes var frå bruk nr. 2 på Kvame, det som i dag vert kalla Utigard. I bygdeboka vert Johannes nemnd som vérsøn, noko som tyder på at han var gift inn på bruket.

Av supplikkprøkoll P (nr. 574 og 696) går det fram at Huggleik Tungøen og Johannes Paulsen Qvamme to gongar leverte inn supplikkar til Kongen på turen hans til Noreg i 1704, første gongen 13. juli. Den 3. oktober 1706 skreiv Huggleik Tungøen og Johannes Paulsen Qvamme

eit privat klagebrev til stiftbefalingsmann Stockfleth i Bergen over soknepresten i Innvik, Hans Schreuder, som låg i strid med allmugen i prestegjeldet. Av brevet går det fram at dei hadde gjort to reiser til København og fem ”byreiser” i samband med denne saka. I eit brev til visestatthaldaren, dagsett Kristiania 29. januar 1707, skreiv Johannes Paulsen Qvamme at Hugleik Tungøen sette livet til i kulde og snøfök i Sværeskardet mellom Sværefjorden i Sogn og Gaular i Sunnfjord åtte dagar før jul i 1706 då dei var på veg til Kristiania. I april og mai 1707 skreiv Johannes Paulsen Qvamme tre supplikkar til Kongen, alle skrivne i København. I ein av dei, dagsett 5. mai, opplyste han at Hugleik let etter seg kone og 5 born, og i ein annan, datert 17. mai, at ulukka bar til på ”*et field kaldis Sverin*” (Sværefjellet mellom Sogn og Sunnfjord), ei mil frå folk. Veggen over Sværeskaret er gamal. Ferdafolk og dyr har gjennom mange hundreår teke seg over fjellet her. Veggen har vorte til ved trakk, små og større utbetringar, vegbygging, dugnad og pliktarbeid. Elles har her vorte utført ulikt vedlikehald. I lange tider var denne veggen den viktigaste og mest brukte mellom indre Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Frå fjorden i Sværen førde båtar dei reisande vidare til mellom anna Aurland, Flåm, Lærdal og Vik, men også utover Sognefjorden. Veggen har vore i bruk sommar og vinter. Ulike ferdafolk har fare her. Handelskarar og driftekarar som handla med fe for her med driftene sine. Her har vore kløvjevge for stølsdrift, veg til beiteområde og til jakt.

Kongen påla i eit brev datert 24. juni 1707 Stiftbefalingsmann de Tonsberg å hjelpe Johannes Paulsen Qvamme til lov og rett, og viste den førre kongelege ordren til stiftbefalingsmann Stockfleth datert 29. mai 1702.

Den 20. august 1961 vigsla prost Ragnvald Reed ein minnestein over Hugleik Tungøen (fig. 3.7.12) ved Skaravatn i Sværeskaret på Gaularfjellet: ”*Det som vart gjort med Guds signing, kjem alltid fram med ny kraft i den rette tid.*”

Den 20. august 2006, altså 45 år etter at minnesteinen vart avduka, var 18 personar, dei fleste frå Oldedalen, samla ved minnesteinen og det vart lagt ned blomster. Det vart sunge ein minnesong skriven av A. Skårheim og andre songar som vart brukte under avdukinga 20. august 1961.

Første verset av minnesongen lyder:

”Ein ferdaveg her til samband låg,

dei som langt skulle fara

her stuttast leidi um fjellet såg.

Slik ferdsla lenge laut vara.

Um ferder – so skriv Håvamål

dei mat og drykk tarv finna

til kvar som med slikt ferdamål

den rette kraft kan vinna.”



Figur 3.7.12 Minnestein for Hugleik Tungøen i Sværeskaret på Gaularfjellet. Foto: Fylkesarkivet, Sogn og Fjordane.

I 1966 vart det óg avduka ein minnestein i Oldedalen (til venstre på fig. 3.7.13). Steinen har denne innskrifta:

”Bøndeføraren Hugleik Tungøen død året 1706. I strid for eit bondesamfunn som var utarma av naturulukke, uår og store ytingar til jorddrott, var Hugleik Tungøen bøndene sin

sendemann til kongen i København og til hans ombodsmenn i Christiania og Bergen. Under ei av desse ferdene sette han livet til i Sværeskaret 8 dagar føre jul 1706. I takksemi vart denne steinen reist året 1966. Minnesteinen skal stå og vise veg til det området og dei tuftene der ein av dei største sønene i bygda vart fostra”.

I 1996 fekk Johannes Paulsen Qvamme eit minnesmerke (til høgre på fig. 3.5.13), ein gråstein (gneis) frå utmarka på Kvame, på Kvamslandet i Oldedalen. Steinen har denne inskripsjonen:

”Johannes Paulsen Qvamme

Som talsmann for folket i Indre Nordfjord gjekk han fleire turar til Christiania og København for å tale bøndene si sak i naudsåra rundt 1700. I takksemi vart denne steinen reist året 1996.”



Figur 3.7.13 Minnestøtter for Hugleik Tungøen og Johannes Paulsen Qvamme i Oldedalen.

Foto frå "Oldedalen - bygda mellom breane". Vigmostad & Bjørke 2004.

Garden Tungøen (Tungøyane) under «den vesle istida»

I 1696 brann husa på Tungøen ned til grunnen, men dei vart bygde opp att på same staden. Frå 1702 og utover vart Tungøen jamleg råka av flaum og snøskred, og bøndene måtte flytte ut av husa i dei verste periodane. I 1723 vart det hevda at garden var lett å drive, men at garden låg utsett til framfor Brenndalsbreen.

Under ein skatteinspeksjon den 12. oktober 1728 stadfesta retten at dei to brukarane før skattereduksjonen i 1702 betalte skattane i tråd med befalingane frå Kongen og Kyrkja. På slutten av 1720-åra var bøndene ikkje i stand til å betale skattane dei var pålagde på grunn av dei store skadane. I Brenndalen, som tidlegare hadde vore ein god beitedal for husdyra, rykte Brenndalsbreen kraftig fram. I tillegg vart dyrkamarka rundt husa jamleg dekkja av steinblokker, grus og sand under flaumar frå breen. I 1728 vart derfor bøndene tvinga til å flytte husa til ein høgareliggande stad der dei følte seg tryggare (fig. 3.7.14 og 3.7.15).

Det står å lese: *”...og foruden alt dette var endnu det allerbedrøveligste at see, at disse fattige og nødlidende Mennisker, af Frøgt for overhængende Fare og Uløcke ved ermelte grumme Sneebrede, har nu i dette Aar 1728 maat fløtted deris Huse og Værelser paa et andet ringe sted, som de mener ved Guds Ophold og Beskiermelse at være tryggere...”*



Figur 3.7.14 I 1728 vart husa på garden Tungøyen flytta frå elvesletta til venstre og opp på Tungøyreina som er ein grusterrasse med toppflate 88 moh. Der kan ein enno sjå tuftene etter gardshusa som vart øydelagde av israset frå Brenndalsbreen (Aabrekkebræen) den 12. desember 1743. Foto: Atle Nesje.



Figur 3.7.15 Tufter etter bygningane på Tungøyreina der garden Tungøyen låg etter at garden vart flytta opp på Tungøyreina i 1728. Foto: Atle Nesje.

Midt på sommaren 1733 vart dyrkamarka nok ein gong utsett for store skadar på grunn av at breelva fløynde over sine bredder. Den 2. november 1734 var retten (sju personar), leia av U. Kås, på garden for å taksere skadane. På den tid hadde Bretunga trengd seg ned gjennom eit gjel like bak staden der husa stod fram til 1728. Hovudelva skifta òg løp, slik at ho strøynde over det som tidlegare hadde vore deira beste åker og eng. I 1733 dekkja dei to elvane og isblokker, stein og grus all dyrkamarka. Bøndene og familiane deira måtte derfor gå rundt i bygda å tigge mat for å overleve. Dei var sjølv sagt ute av stand til å betale skatt til Kyrkja. Retten fann berre vonlause tilstandar; folk svalt og all mark var overgrytt av isblokker, store steinar, sand og grus. Retten fastslo at bøndene ikkje skulle betale skatt for åra 1734-35.

Då skjønnsretten kom til garden i august 1743, heiter det mellom anna frå denne avtaksforretninga:

”Paa de Jorder som ere Iisbræen nær hosligende og af den beskadelige. Da blev der maalet fra Bræen til første Huus, een Distance af hundrede Alne” (omlag 60 meter). Dette var likevel ikkje slutten på tragediane til Tungøyen; den 12. desember 1743 vart gardstunet frå 1728 råka av eit ras frå Brenndalsbreen som då låg heilt fram på fjellhammaren ovanfor husa. Alle bygningane, folk (truleg fire personar) og husdyr vart sopa vekk. Berre ein dreng som då var soldat (han heitte Anders Pederssen Mochleøen), ein 12-års gamal gut (han heitte Knud og var frå Raudi i Lodalen) og to kjør overlevde. Lærar Martines E. Bødal som budde på Melheim i Olden skreiv ned følgjande om Tungøyen (originaldokumentet hos Inge Melkevoll i Oldedalen):

1743 Den 12 December udtog
 atter Tungøen. af samme
 Tilfælde med Folk og Fæ
 og Indbo Kun en Soldat
 som tjente der blev reddet samt en Gut ogsaa
 blev reddet. Den Gutten hedde Knud og var
 fra Rødi i Lodalen

1744 Var der Skifte efter Gullak Tungøen
 og Kone Kun 2 bedervede Kjör á 4
 Mark hver 1 Fjørpudder 2 Væster 1 Par
 Hoser 1 Kvitel og 2 Forklæde og 1 Sok
 var i Behold 1661 foredes paa Gaarden
 44 Naut og 2 Hæster

"1743 Den 12 December udtog atter Tungøen af samme Tilfælde med Folk og Fæ og Indbo. Kun en Soldat som tjente der blev reddet samt en Gut ogsaa blev reddet. Den gutten hedde Knud og var fra Rødi i Lodalen. 1744 Var der Skifte efter Gullak Tungøen og Kone. Kun 2 bedervede Kjör á 4 Mark hver, 1 Fjørpudder, 2 Væster, 1 Par Hoser, 1 Kvitel og 2 Forklæde og 1 Sok var i Behold. 1661 foredes paa Gaarden 44 Naut og 2 Hæster".

Etter dette vart ikkje garden bygd opp att. Omlag 80 år tidlegare hadde Tungøen vore ein av dei beste gardane i Oldedalen, der dei fødte 2 hestar og 44 storfe.

Naturprosessar som førte til at garden Tungøen vart øydelagd i desember 1743

På grunnlag av dei historiske dokumenta er det mogeleg å rekonstruere naturprosessane som førte til at garden Tungøen vart øydelagd i 1743. Gjennom 1680- og 1690-åra byrja breen å gjere skade på beitemarka i Brenndalen og breelva førte til flaumskadar på dyrkamarka til Tungøen nede på elvesletta i Oldedalen. Rundt 1700 nådde breen munningen av Brenndalen like bak husa. Dette tyder på at breen gjekk fram 4,5 km på berre 50 år, gjennomsnittleg 90 m i året! Rasmus Aabrekk fortalde at frå tunet på Aabrekk kunne dei sjå breiden oppe på kanten i Brenndalen gjennom ljoren i taket. Og at dette synet vart skildra «*som ei kvit kyr i himmelsjå*». Mellom 1700 og 1728 trengde breen ned gjennom gjelet bak husa, som i 1728 vart flytta til Tungøyreina, ein breelvterrasse frå slutten av istida under den bratte dalsida i munningen av Brenndalen. Den 12. desember 1743 gjekk altså israset frå Brenndalsbreen (Aabrekkebræen) som la det nye gardstunet i grus og øydela garden for alltid.

I dag kan vi ved restane etter grunnmurane til husa på Tungøen og ved minnestøttene til Hagleik Tungøen og Johannes Paulsen Qvamme la tankane fare tilbake til vår nære fortid, og tenkje på kva ufatteleg slit og tragedie desse bøndene vart utsette for.

Figur 3.7.16 og 3.7.17 syner Brenndalsbreen (Aabrekkebreen) i høvesvis 1869 og i 1900.




Figur 3.7.16 Brenndalsbreen (Aabrekkebreen) i 1869. Fotograf Christen de Seue, norsk meteorolog og glasiolog.




Figur 3.7.17 Brenndalsbreen i 1900. Fotograf: Johan Rekstad.

Figur 3.7.18 syner årlege frontvariasjonar i perioden 1900-2022, medan fig. 3.7.19 syner kumulative (samla) frontvariasjonar til Brenndalsbreen (data: nve.no).



Figur 3.7.18 Årlege frontvariasjonar til Brenndalsbreen i perioden 1900-2022. I perioden 1965-96 vart det ikkje utført frontmålingar (data: nve.no).



Figur 3.7.19 Kumulative (samla) frontvariasjonar til Brenndalsbreen i perioden 1900-2022 (data: nve.no).

Lausmasseskred på Brenndalsbreen

Mellom september 2009 og juni 2010 gjekk det eit lausmasseskred ned på Brenndalsbreen (fig. 3.7.20).




Figur 3.7.20 Mellom september 2009 og juni 2010 gjekk det eit lausmasseskred ned på Brenndalsbreen.

Ein biletserie teken av Stefan Winkler syner korleis desse lausmassane har flytta seg nedover breen mellom 2011 og 2020 (fig. 3.7.21).









Figur 3.7.21 Biletserie som syner korleis skredmassane på Brenndalsbreen har bevega seg nedover breen mellom 2011 og 2020. Alle foto: Stefan Winkler.

Verdivurdering

Breforlandet til Brenndalsbreen, og spesielt moreneryggane, samt historia til Brenndalsbreen under «den vesle istida» er av stor nasjonal og til dels internasjonal verdi.